Når det gjelder Tsjetsjenia, er det farlig å tirre en falmende stormakt som ønsker å forvalte "indre anliggender" på egen hånd. Men hvor grensen går mellom indre anliggender og humanitær inngripen, er svært vanskelig å avgjøre, understreket Steigan.

### Intervensjoner

Folkeretten betegner intervensjon som krenkelse av en stats rett til uavhengighet – og følgelig forbudt. Siden definisjonen er lite presis, mente Steigan at reglene ofte har tjent som påskudd for tvilsomme inngrep i en stats konflikter.

### Media

Under Golfkrigen ble styringen av media uhyre viktig. All informasjon ble kontrollert av USA og silt ut til tunge nyhetsaktører som CNN og BBC International, sa Pål Steigan. Publikum ble presentert en ensidig beretning om den militære presisjonskrigen, en krig som skulle skåne sivilbefolkningen fra de store lidelsene. – Faktum er at de sivile alltid blir hardest rammet i krig, fastslo den tidligere kommunistlederen på Internasjonalt Seminar.

# Radikal senterungdom

**Studentopprøret i Senterpartiet er i gang. Dei vil heller satse på venstresida enn Venstre.**

Hallgeir Løland Torpe  
Jon Terje Eiterå (foto)

Leiaren av Senterungdommen, Sigbjørn Gjelsvik og hans disiplar vil alliere seg med Sosialistisk studentlag. Dei vil mobilisere til studentopprør mot sentrumsregjeringa, og for å vinne

neste EU-kamp tror dei på alliansar på venstresida.

Til hausten vil dei stille liste til studentstyret. Studentpolitikken dei unge senterpartistane representerer er faretruendelig AU i studentstyret sitt framlegg til arbeidsplan. Helga Anette Melhus vil elles gjere Universitetet i Tromsø meir miljøvenleg og sørge for at miljøproblematikken blir integrert i undervisninga.

Magne Henriksen er mellom anna oppteken av at næringslivet må flinkare til ta i bruk forskingsmiljøa ved universitetet.

NFH-studenten ønskjer storsatsing på kompetanseutvikling innan fiskeri og havbruk i Tromsø.

Helga, Yngve og Magne i det nye styret har 15-20 års politisk fartstid samanlagt. Men desse travle studentane vil ikkje berre hive seg med i studentpolitikken, dei lovar også å stille opp som frivillige for studenthuset. Bondestudentane i frå Målselv, Bardu og Hasvik har nemleg forstått at det nye studenthuset i Tromsø vil vere uhyre viktig for å heve studentengasjementet.



STUDENTOPPGJER I SENTERUNGDOMMEN: Torbjørn Johansen, Sigbjørn Gjelsvik, Magne Henriksen, Kristine Martinsen, Helga Anette Melhus, Yngve W. Bergheim og Rolf-Hugo Myrseth.



In America  
you can still meet  
the blacks, the whites  
and the blues

Go before it's too late\*

\*The Kilroy ticket. For young people under 26 and students under 33 only.

Gode tilbud til USA fra 6. – 18. mars  
Sjekk [www.kilroytravels.com](http://www.kilroytravels.com).

Ostø:	Bergen:	Stavanger:	Tromsø:	Kristiansand:
Nedre	Studententeret	Brigade 11	Strandg. 36	Tollbodgata 15
Slottsg. 23	Vaskeriveien 16			
Blindern				
tl. 23 16 23 10				
Gruppeavdeling				
tl. 23 10 23 40	tl. 55 30 79 00	tl. 51 85 86 00	tl. 77 86 51 51	


**KILROY**  
travels



# Ikkje alle vil vise mappa si

**Forslaget om dokumentasjon på pedagogisk kompetanse møter blanda kritikk. Resultatet kan bli at udugelege lærarar blir vist til forskarbenken.**

Tina Bakkebø  
Hanne Stien (foto)



**Ikkje orientert**  
Gunnar Hartvigsen  
Professor, informatikk

Hartvigsen var ikkje orientert om framlegget om mappdokumentasjon, men etter ei lita orientering frå Utopia, hadde han ingen umiddelbare negative innendingar mot framlegget.

– Eg synest det er greitt at pedagogiske evner vert vurdert som eit tilleggsmoment til forskingskompetansen ved tilsetjingar. Men slike evner er vanskelege å måle, seier Hartvigsen.

Han peikar på dei mange ulike stillingane ved universitetet som alle krevjar ulike kvalifikasjonar. Pedagogisk kompetanse er kanskje ikkje like naudsynt på alle område, seier Hartvigsen. Han meiner likevel at alle tilsette ved universitetet bør undervise:

– Samspelet mellom forskning og undervisning er av verdi for alle som driv med vitenskapleg arbeid, konkluderer han med.



**Glad for at noko skjer**  
Tove Bull  
Rektor ved UiTø


– Eg ynskjer velkomen fleire dokumentasjonsformer som kan kartleggje pedagogisk kompetanse. Eg er glad for å sjå at det skjer noko, at det blir gjort arbeid for å finne nye alternative metodar, seier rektoren.

Bull meiner at framlegget om mappdokumentasjon syner at undervisningskompetanse er på veg til å bli meir vektlaagd både hos studentar og dei som underviser.

#### Unikom positive

– Vi i Unikom stiller oss positiv til framlegget om mappdokumentasjon, seier undervisningslektor Marit Allern.

– Samanliknar ein vurderingsgrunnlaget i ei mappe med ei prøveforelesing eller eit intervju vil mappa framvise ein sikrere dokumentasjon av di ho stadig vil vere i utvikling, poengterer Allern.



**Skeptisk**  
Nils M. Knutsen  
Førsteamanuensis, nordisk

– Eg tykkjer det er særst viktig at spørsmålet om pedagogisk dugleik takast med når ein skal tilsetje folk her ved universitetet. Men eg ser det vanskeleg å finne ein måte å dokumentere denne dugleiken på, seier Knutsen.

Han meiner vidare at mappedokumentasjon ikkje vil gje eit korrekt nok bilete av den pedagogiske kompetansen til søkjarar, og stiller seg i utgangspunktet kritisk til dette forslaget:

– Mappene vil i alle tilfelle sjå særst gunstige og flatterande ut, ein vel jo sjølv kva ein vil leggje i ho og ikkje.

Knutsen ser heller at ein i større grad verdset at dei tilsette ved universitetet vel å bruke tid på studentane i staden for å prioritere eige forskingsarbeid.

– Det er gjennom tilbakemelding frå studentar at ein på den beste måten kan få setje søkjelys på eiga undervisning og dermed heve nivået på forelesingane.



**Spår kvalitetsauke**  
Grethe Karlsen  
Universitetspolitisk ansvarleg i studentstyret.

– Eg er svært glad for at dette forslaget er sendt ut til høyring, og håpar det syner at universitetet i framtida vil ta undervisningskompetanse meir alvorleg ved tilsetjingar. Karlsen spår ei kvalitetsauke i forelesingane om framlegget om mappedokumentasjon vert vedteke:

– Eg meiner dette kravet vil gjere dei vitenskapleg tilsette meir medvitne om det å forelese. Det er ein del av deira arbeid som eg meiner ikkje er verdsett nok i dag, sluttar ho av.

**Her er saken:**

» Eit forslag om mappedokumentasjon er no ute på høyring.

» Framlegget går ut på at søkjarar til stillingar ved universitetet må leggje ved ei mappe som dokumenterer deira pedagogiske kompetanse.

» Denne mappedokumentasjonen er meint å sikre at pedagogisk dugleik veg like tungt som forskingskompetanse ved tilsetjingar.

## Fare for takkras



**SKIKKELIG STYRKETRENING:** I snart tre uker har takmåkarna jobbet for å fjerne de mellom to og tre metrene med snø som har lavet ned over hodene våre. Værvarslinga framover lover fremdeles godt for de ivrige studentene; det er meldt mere snø. Studentene som er med får 100 kroner per time for arbeidet.

FOTO: JON TERJE EITERA

**Interessert i en studieperiode i utlandet?**

- ◆ Internasjonalt studentkontor er veien å gå.  
–informasjon og veiledning.
- ◆ Konsulenter fra fakultetene og Internasjonalt studentkontor. Stand ved hvert fakultet 21-25 februar.

#### Kontakt:

- ◆ Internasjonal konsulent ved ditt fakultet.
- ◆ Internasjonalt studentkontor i Studieavdelinga, 3.etg. Administrasjonsbygget.
- ◆ [www.adm.uit.no/studie/foreign](http://www.adm.uit.no/studie/foreign)



## LESERINNLEGG

# UDI ga etter, Behzad Zamani får bli!

Jeg takker Utropia, som i motsetning til Nordlys publiserte saken om Behzad Zamani. Nå får Behzad endelig bli i Norge!

Den 12. november 1998 pådro Behzad seg brudd på armer og ben, da han hoppet ut av vinduet på rommet sitt ved asylmottaket på Melbo fordi politifolk var i ferd med å bryte seg inn til ham med brekkjern. De hadde ordre fra UDI om å tvangsreturnere mannen til Iran.

For sine bruddskader måtte han gjennom seks operasjoner. I det året dette har tatt levde han fortsatt i konstant angst for å bli utsendt fra Norge tilbake til Iran. Som en følge av dette pådro han seg blødende magesår. Er vi ikke snille her i Norge mot mennesker i en angstfylt situasjon på

flukt fra regimer vi knapt klarer å forestille oss? Behzads søster var død i fengsel, begge foreldrene døde. For Behzad hadde vært både arrestert og selv mishandlet, i det samme fengslet i Iran hvor hans søster døde.

Da jeg skrev om Behzads situasjon i Utropia 17. februar i fjor var det som leder av studentenes Amnesty-gruppe ved Ui-Tø. Sammen med professor Jørgen Cohn hadde jeg besøkt Behzad og vært med på torturfølgespesialistens samtale med ham der han lå med alle sine bruddskader på Stokmarknes sykehus. Vi rapporterte så saken inn for Amnestys internasjonale sekretariat i London.

De engasjerte seg straks. Det er viktig for meg å under-

streke at jeg har blitt både dypt skuffet og mektig frustrert over ledelsen i Amnesty Norge, men Amnesty Internationals sekretariat i London har vist vilje til å virkelig hjelpe flyktninger på flukt.

Det er ikke Amnesty Londons innsats alene som har ført til at Behzad 23. desember i fjor fikk gyldig oppholdstillatelse, men de skal ha den varme takk de virkelig fortjener fordi de gjorde det de kunne for å hjelpe da han trengte det! Henrik Broberg, legen Kjetil Karlsen og mange flere har også gjort en enorm innsats i saken.

Mona Strøm (Innlegget er forkortet. Red. anm.)



## STUDENTSAMSKIPNADEN

### Studentsamskipnadens barnehager SØKNADSFRISTER

Søknadsfrist for stipendiater og universitetsansatte er 1. MARS.

Søknadsfrist for studenter er 1. APRIL.

Søknadskjema fåes i barnehagene, i ekspedisjonen ved de ulike fakultetene / lærestedene og ved henvendelse til Studentsamskipnaden (telefon 77 60 77 00).

NB! Det må søkes på nytt hvert år for barn som har plass. Skjema deles ut i barnehagen.

Søknaden sendes: Studentsamskipnaden i Tromsø, barnehageavdelinga, Breivika senter, 9037 Tromsø.

# Studentrabatt

Tromsøstudentenes Idrettslag

Studentrabatten gis ved visning av gyldig studentbevis, og beløp av gyldig semesteravgift. Rabatt innvilges i perioden 15 august 1999 tom. 1 juni 2000. Rabatten gjelder varer til ordinær pris.



i gamle Chr. Hansens lokaler  
Fr. Langesgt. 22  
tlf 77 68 56 56



Vi reparerer:  
glidelås i  
skinnklær,  
klær, rygg-  
sekker,  
vesker etc.  
Strandgata 34  
tlf. 77 68 46 82



Skippergata 15  
tlf 77 68 21 16



Brillehuset AS  
Storgt. 88 tlf 77 68 21 43



Varehuset i Sjøgata  
Sjøgata 13  
tlf. 77 63 82 00



Torgsentret - Storgt. 79  
tlf 77 68 15 63



Arctic Bilutleie as

Vestregt. 16, tlf 77 61 58 50  
Flyplassen, tlf 77 67 98 40



midt i sentrum!

J.M. HANSEN  
Storgt. 56 tlf 77 66 55 00




Stortorget 2  
tlf 77 61 11 66



Nordnorges største innen babyutstyr.  
Salg og utleie

Heilovn 6  
tlf. 77 67 22 44




Fiolveien 13  
tlf 77 61 07 97



v/ brua tlf. 77 68 35 41



Markedsplassen tlf 776 82254



Vestregt. 1, tlf. 77 65 64 31

Forhandler for SINGER og PFAFF



Storgt. 89 og Jekta  
tlf 77 60 19 80




VEITASENTERET - TLF 77 61 26 01



Jekta Handelssted  
tlf 77 67 37 20



Stortorget 3  
(vis a vis Domus)  
tlf. 77 68 26 55



Stakkevollvn 49  
tlf 776 19770


Åpent 10:00-24:00  
alle dager



FOTBALL HANDBALL UV-RYGBY  
DYKKING BASKET AEROBIC FJELL-  
GRUPPE PADLING SVØMMING  
JUDO KARATE WING TSUNG INNE-  
BANDY FEKTING SPORTSKLATRING  
TELEMARK VOLLEYBALL  
SNOWBOARD FISKE AIKIDO FEK-  
TING STYRKETRENING - VI BEDRI-  
VER DET MESTE  
Tromsøstudentenes Idrettslag er  
ansvarlig for studentrabatten.

TSI  
Hovedgården  
9037 Tromsø  
tlf: 77 64 45 79  
<http://tsi.org.uit.no>





# Kultursider

FOTO: RUNE THOMASSEN



## KULTURLEIAR

## Fanden er død

Vestlandsfanden er erklært død og makteslaus. Den dystre mørkemannen mista fotfestet i takt med tilbakegangen for målrørsla, fråhaldsrørsla, bedehuskulturen og slekta elles. Men Vestlandsfanden har hatt slagkraft større enn Vestlandet. Fanden frå Vestlandet er ein raud jækkel som no kler seg hipt og byrja å frekventere minimalistiske kaféar i hovudstaden. Når ein staskar som Einar Førde med statskanalen i ryggjen seier han gir seg katten i om Vestlandsfanden er død eller ikkje er det på høg tid å setja ein kulturell dagsorden. Han hevdar vestlendingane sitt fremste symbol aldri har eksistert anna enn i austlandsk fantasi.

At Nils Kjær kan ha hatt ei forkvakla oppfatning av Vestlandsfanden og at fanden på sitt verste er i nær slekt med varulven og Jantelova i Aksel Sandemose sine bøker er så si sak. Men det gjeld å sjå han i auga for så å la han sleikja deg på handa.

Han var nemleg ikkje berre fæl. Fanden stod trass alt for noko. Det var ei form for identitet me i dag så sårt kunne trengja. Dei klære motsetnadene som ein gong prega den offentlege debatt er borte.

Fanden var vald inn på Stortinget som den fremste blant sine. No er alle politikarar villige til å gå til sengs med alle andre berre for å redda eit budsjett. Det er amoral på eit svært høgt nivå. I dag er det slett ikkje mogleg å vera "påtværs af al rimelighed" som Kjær i si tid skreiv. Omgrepet "rimelighed" eksisterer ikkje lengre. Og det er vanskeleg å setja seg på tvers av ingenting. Kverulering, intoleranse og fanatisme har dårlege kår. Dei høge ideal si tid er definitivt forbi.

Men rett skal visseleg vera rett: Nils Kjær si usympatiske skildring av Vestlandsfanden har minst ein feil: Han drep ikkje latter, faktisk går han oftast rundt med eit hånflir. Eit hånflir frå grava til alle blåjakkar som lallar av fryd rundt Kjell Inge Røkke sitt bugnande middagsbord.

Inger N. Bråtveit



## Busse- mann

Det snør masse og alle tek bussen. Det er sjeldan sitteplass. Berre av og til, som i dag. Det var ein alkoholikar med sekk som hadde to seter for seg sjølv. Det var eit ledig setebakhan òg. Eg pressa meg fram. Dei fleste ståplassane var tekne. Eg såg dei ledige plassane. Alkoholikaren la

eg ikkje merke til. Alle dei andre visste om han. Dei såg at eg satte meg bak han. Det lukta øl av han og ølboksen hadde han i handa. Han prata men ingen høyrde på han. Alle hadde bestemt seg for å ikkje snakka med han. Dei kunne ikkje sjå på han heller. Dei var redde han aldri ville sleppe taket dersom han dei gav han merksemd. Han snakka uklart. Eg sa eg ikkje

forstod kva han sa. Han prøvde å snakka tydlegare. Det hjalp ikkje. Han slutta å snakka. Me såg på kvarandre. Lenge. Eg måtte smile til slutt og sjå vekk. Han smilte. Me såg på kvarandre att. Kanskje endå lenger. Eg likte å sjå på han. Eg vart varm i ansiktet. –Eg har lyst på kjæreste òg, sa han. Eg hadde ein kjæreste, men det vara ikkje. Han sa

ikkje meir. Eg tenkte på solebærdropsa i lomma. Kanskje ville han ha. Eg tok opp ein drops og spurde om han ville ha. Han nikka. Eg putta dropsen i munnen hans. Eine fingren var såvidt borti munnen hans. Eg tok solbærdropsa ned att i lomma. Me sugde begge på dropsa våre. Me likte smaken.

Marit Ljøsne

## Sideblikk

### Når jeg sovner

"Det kan være vanskelig å fokusere", tenkte jeg en vakker dag. En morgen smilte bussjåføren til meg. Jeg skvatt og våknet. Hunden min hadde plutselig ingen konturer. Dens bjeff var bakgrunnstøy på en fortauskafe. Mennesker kan til tider være som

prikker i dårlig lys. Tannbørster mister sine farger og blir borte. Jeg forsøkte straks å stille inn kanalen. Det skurret. Jeg var ute av fokus. Er du også ute av fokus? Jeg tenkte intenst på hva jeg hadde spist til middag dagene i forveien. Veien til endestasjonen var

lang og lengre en lang. Jeg gikk og gikk. Forsøkte å hilse på mennesker som kom traskende på buldrende asfalt. De smilte og våknet. Kanskje? Jeg følte med ett at det å glemme og huske hindrer fokus. "Barn som glemmer må være ekstra triste", sa jeg og ville

finne min egen barndom. Barn vil ikke sove. Voksne legger seg hver kveld. Jeg forsøkte å være våken i flere netter. Syndere i søvnebol. Ser jeg skyldig ut når jeg sover?

Hanne Stien



«Jeg er genial, og alt jeg skriver er genialt.» Sitatet er henta fra kanskje Norges mest selvopptatte og sexfikserte forfatter gjennom tidene. En forfatter som til og med fikk Einar Gerardsen til å rødme, og som var stolt av det.

## Eit dikta liv

Heger har brukt halve livet sitt på å forstå Mykle sitt mykje omstridde liv, noko som har resultert i to bøker og ein biografi. Biografien «Agnar Mykle – et diktet liv» (1999) hausta svært gode kritikkar, og Heger mottok Brageprisen for boka i fjor haust. Han smiler og lener seg over bordet.

– Tenk deg sjølv: Du er ute ein kveld, drikk deg full og har sex med ei jente, som du etterpå sårar etter alle kunstens reglar. De fleste ville ringja for å orska seg, men ikkje Mykle. Han ville i staden letta samvitet sitt ved å skriva om hendinga i ei av bøkene sine. Det er kanskje ikkje så rart at mange kvinner vart rasande når dei las om seg sjølv i bøkene hans, smiler Anders Heger og tek ein munn av pilsglaset.

Agnar Mykle debuterte i 1948 med boka «Taustigen», men han er nok mest kjent for boka «Sangen om den røde rubin».

– Det vart mykje bråk omkring den boka. Og straffesaka mot han gjorde Mykle til den mest berømte og etterspurde forfatteren i Noreg, forklarar Heger.

### 50.000 sider om seg sjølv

Heger sitt fyrste møte med Agnar Mykle var nettopp gjennom boka «Sangen om den røde rubin».

– Eg var 12 år, og nyfiken på livet. Haddé høyrte rykte om den omstridde boka, og lese ho utan å bli særleg smartare, ler Anders Heger, som verkeleg fann Mykle då han kom i puberteten.

– Mykje av det han skriv pirrar, og overskrir tabugrensene på den tida. Mange kristne moralister vart nok grå i håret, og at det kom ein rettssak var ikkje særleg overraskande, påpeikar

Anders Heger.

Han seier tittelen på biografien «Agnar Mykle – et diktet liv» kom av seg sjølv.

– Det er ikkje slik at det er eg som har dikta opp Agnar Mykle sitt liv, slik som kan hende somme trur. Agnar Mykle diktar sitt eige liv. Han er noko utanom det vanlege, og difor verkar kanskje livet hans som eit eventyr. Han skreiv 50.000 sider om seg sjølv gjennom 30 år, to bunkar opp til taket her, seier Anders Heger og peikar.

### – For personleg

Agnar Mykle hadde eit enormt drag på damene, og han heldt sirleg oversyn på kor mange jenter han hadde hatt sex med.


– Han brukte det billigaste sjekketrikset av alle og forklarar: Mykle var berømt, vakker, vittig og sjølvsiikker. Etter kvart let han som han ikkje er så sikker likevel, og får deg til å tru at han er heilt avhengig av nettopp deg. På den viset klarte han å ha «nedleggja» 403 jenter.

Skiljelinja mellom det offentlege og det personlege er hårfin, og Heger finn det sjølv vanskeleg å sjå grensene.

– Eg har hatt fenomenalt mange kjelder og materialet har vore stort. Etterkvart har eg fått god innsikt i livet hans. Han var ingen sympatisk person. Mange av historiene vart klårt for personlege. Problemet er kor mykje du skal utlevera. Omsynet til slektningane hans var viktig, og dei las gjennom og godkjende boka før ho gjekk i trykken, forklarar han.

Gjennom studiene har Heger kome over mange interessante sider ved Mykle.

– Agnar Mykle var eit menneske med store ambisjonar. Vel-



dig store. Han sa til seg sjølv, i full alvor: eg skal verta verdas største forfattar. Så jobba han seg planmessig mot målet. Dei som knekte han under rettsaka var ikkje aktoratet, slik ein kanskje skulle tru, men forsvararane hans. Dei mest kjende forfattarane i landet på den tida stod fram som forsvarar av kunsten. Eg meiner: når du får høyra av Arnulf Øverland at du kan samanliknast med Jesus og at du står i direkte arv frå Platon, er det då så rart at ein får høge tankar om seg sjølv? Mykle sa: Eg er genial, og alt eg skriv er genialt. Men når folk seier at bøkene dine allereie er geniale, kva skal du skriva for å overgå det geniale?, spør Heger.

### Siste bok?

Om Heger kjem til å skriva meir om Mykle, veit han ikkje. Han veit berre at han har prøvd å skildra historia til Agnar Mykle, utan å trø over den etiske grensa.

– Men dette er berre ein biografi, seier han. Og siterer frå Mykle: «Røynda har vore og røynda kan berre fortolkast». Og det er det eg har gjort, avsluttar Anders Heger.

Agnar Mykle ble født i Trondheim i 1915 og døde i 1994. Etter å ha publisert noveller i blant anna Arbeidermagasinet, debuterte han i 1948 med novellesamlinga «Taustigen». Mykle var blant mye anna en pioner innen dokketeateret. Han og kona Jane utdannet seg i faget i Paris, og i 1954 utga de læreboka «Dukketeater!». I 1957 reiste påtalemyndighetene straffesak mot Mykle og hans forlegger Harald Grieg. «Sangen om den røde rubin» ble først inndratt som pornografisk, men året etter ble dommen opphevet av Høyesterett. Da hadde en bitter Mykle allerede trukket seg

til bake fra offentligheten, og etter novellesamlinga «Largo» (1967) la han bort penna for godt.

Det er skrevet utallige bøker om den omstridte forfatteren. De mest kjente er Philip Houms bok «Ask Burlefot og vi – dikterens ansvar og vårt» (1957), Anders Hegers bok «Agnar Mykle og Norge» (1984 og 1994), Alf van der Hagens intervjubok med Mykles kone Jane, Eystein Eggens «Agnar Mykle – en dikterskjebne». I 1999 utkom den første virkelige biografien om Mykles liv «Agnar Mykle – et diktet liv», skrevet av Anders Heger.

Eva Marie Mathisen og Ketil Lenert Hansen (foto)



## Brev 2000



Eit brev kan romma meir enn tretti søte kjeks, tusen djupe skogar og tri kvite fuglar. Somme gonger høyrer ein breva før dei kjem. Veit berre at i dag ligg det der. Brevet. Streiftoget på endelaus reis mot eit anna landskap. Ulendt og uoversiktleg som havet sjølv. Grensene vert usynlege. Ein merkar seg når noko er så stort. Når noko verkar uendeleg. Uavslutta men likevel avslutta.

Eit skrift frå ein kvardag kan vera grunnlag for kvitebrød i eit anna menneske sin kvardag. Kan vera grunn god nok til å spretta ei flaske eplecider eller to.

Me har fått to brev frå to ulike kvardagar. To skildringar frå ein kvardag som løftar oss opp frå kvardagen. Løftar oss opp frå bussturar og fiskebollar i kvit saus. Tek oss til ein stad mellom ugler og fuglar. Opp i eit tre der me kan sittja og knaska eple. Og tenkja egne tankar.

Inger N. Bråtveit

## Til deg jeg aldri møtte

Jeg har lyst til å se deg smile. Et lite smil. Vi skulle stått i skogen mens det regnet. Vi skulle rope til det var fritt for luft i lungene våre. Du venter nok på meg et sted. Ser etter deg bak trestammene. Hvor skal jeg ellers lete? Liker du fiskeboller i hvitsaus? Jeg hater det. Hvit er ingen tiltrekkende farge. Kanskje satt du på bussen i går? Jeg tenker på deg hele tiden. Jeg tror øynene dine er flakkende og at du har en lang hals. Ugler har overhode ingen hals. Tenker du på meg i dusjen? Jeg liker best å ligge i badekaret. Jeg kan ligge i vannet til huden min blir som en rosin og vannet er iskaldt. Jeg tror huden din er varm som gloheit ørkensand eller kald som Nordishavet. Det er galskap å ikke tro. Afrika er langt unna. Tiden renner. Kom!

Venter

*Hvite*

## Så du meg ikke?

Jeg smilte hele dagen. Mens du lette etter meg i skogen. Mens du lurte på hvordan huden min er, og tenkte på ugler og rosiner. Jeg satt i et tre og plukket epler. Grønne epler. I grunnen var det litt deilig at du ikke fant meg. Innimellom er det fint å sitte alene mellom fugler og ugler. Jeg tenkte på mye oppe i treet. Tretanker. Om jeg ikke tenker på deg i dusjen tenker jeg i alle fall på deg i treet. Er det godt nok? Snop er i alle fall godt. Jeg tror nesten at jeg liker snop bedre enn det å ligge i badekar. Særlig bamsemums. Det hender jeg egentlig skal spise fiskeboller med hvit saus til middag, men suger på en deilig bamsemums i stedet. Er det forresten bamser i Afrika? I så tilfelle er jeg med.

Lever i nuet.

*Eshild*



# R e i s e -brev

**Eg har kjøpt meg ein ny stillongs. Ein retteleg bra stillongs i ull og nylon. 90 prosent ull og 10 prosent nylon, det perfekte blandingsforhold, akkurat slik det skal vera. Ull for å halda på varmen og nylon for ekstra styrke og hold. Dette er ein veldig bra longs. Dette veit eg fordi eg allereie har tre slike.**

Det er då ein spør seg, kva skal du då med ein til? Svaret er så trivielt som at dei andre stillongsane eg eig, om ein ser bort frå den eine eg no har på meg under den eg nyleg har kjøpt, befinn seg i klesskapet mitt i Tromsø mens eg er i Rovaniemi, ti timars kjøring unna klesskapet og longsane mine. 25 grader sprik med berre ein longs er i meste laget sjølv for ein person som har lese mest alle bøkene av Helge Ingstad og Jack London. Nett difor måte eg krype til korset og kjøpe ein ny longs. Men historia startar ikkje der, den har sjølv sagt eit forløp. Den som trur at eg reiste til Rovaniemi for å ta ein alvorsprat med julenissen, køyre hundeslede, drikke billig øl eller andre tåpelege turistaktivitetar tar sjølv sagt grundig feil. Då eg drog hit var det for å vere her i tre dagar og delta på ein viktig workshop om vår felles framtid. Etterpå skulle eg dra vidare til Russland. Nok ein gong knytt til vår felles framtid. Som dykk sikkert forstår; eg er ingen jævla turist! No er det slik at staten Russland ikkje har noko skilje på turistar og utlendingar med viktige gjeremål. Difor må alle utlendingar ha både pass og visum for å vitja den russiske bjørnen sitt rike. Eg har baa delar, men tidlegare denne veka var desse i vår kjære hovudstad, Oslo. Som er enda lengre borte enn klesskapet mitt.

## Rømningsplaner i Rovaniemi

### Multinasjonalt selskap og stødig engelsk

Det finst eit multinasjonalt selskap med namnet DHL, eit gigantisk internasjonalt selskap med sikkert like mange tilsette som det er innbyggjarar i ein norsk by. Desse har i oppgave å levera pakkar. I seg sjølv ikkje så originalt. Det som skil DHL fra julenissen er at dei leverer på ein til to dagar året rundt og ikkje berre ein dag i året. Ifølgje reklamen som dei sender på CNN leverer dei mellom anna skipsdeler til eit verft i den bortgøynde og forblåste bygda Haram på Sunnmøre.

Direktøren ved verftet kan fortelje, med stødig engelsk utan et snev av aksent, at dei har valt DHL fordi dei gjev deg akkurat den delen du treng når du treng han. Dette vekker sjølv sagt stor tillit og gjev deg ei kjensle av å bu i ei verd som er lita. Nettopp fordi DHL har synt evna til å gjere verda mindre fekk dei oppdraget med å bringe meg konvolutten med mitt uerstattelege pass og visum. Som eg måtte ha for å kunne dra til Russland og utrette ting til det beste for vår felles framtid.

### Utanfor leveringsområdet

DHL gløynde å opplyse oss om at Rovaniemi eigentleg ligg utanfor deira leveringsområde. Dette kombinert med at nokon på flyplassen i Stockholm ikkje heilt har fått med seg at Finland ikkje lengre er ein del av Sverige, gjorde at passet mitt fredag morgon kl 07.40 befann seg ein stad i Sverige. Feil land! Takka vera telefonen, ein ven i Oslo og et rikt vokabular, som heldigvis har svært lite til felles med svensk, kom pakken meg i hende kl 18.30 fredag kveld. No hadde eg allereie vore ein dag meir enn planlagt i Rovaniemi og endeleg kunne mi reise mot aust starte. Trudde eg! Det går mange kjeppar i eit hjul! På laurdagar går bussen berre fram til Ivalo på grensa til Russland og ikkje vidare slik han gjer kvar dagar. Dette fekk eg heldigvis rede på før eg kjøpte billett og hoppa på bussen. Difor var det godt at laurdag er ein av dei dagane Aeroflot flyg frå Rovaniemi til Murmansk og Arkhangelsk. Flyet går 12.40 og det var i følge den

hjelpsame mannen på flyplassen 14 plassar ledig til Murmansk. Eg trong berre ein, så det passa fint.

Ein del finske menn er så lite tiltalende og så stygge at dei har problem med å finne seg ein livspartner av det motsatte kjønn. Sikkert av det same kjønn også, men her er talgrunnlaget litt tynt. Ein del russiske kvinner har ei litt anna verdiprioritering enn sine finske medsysstrer og ser derfor annleis på desse finske mannfolka. Eit utval av desse kvinnene hadde tilfeldigvis også vore i Rovaniemi den same veka som meg. No må det skytast inn at dette sjølv sagt er ei sær objektiv oppfatning, som må sjåast i lys av den situasjon eg då befann meg i og som ikkje på nokon måte er representativt for mitt syn på kjærleiksforhold på kryss av landegrensar.

Det den hjelpsame mannen på flyplassen ikkje var klar over, var at desse såkalla ledige plassane var tiltenkt desse kvinnene som no var på veg heim til moderlandet. Trønderske skjellsord og ein ven i Oslo har forsvinnande lite slagkraft ovanfor det tidlegare Sovjets statlege flyselskap. Difor

vart det verken taxfree-sprit eller fly til Murmansk på meg. Neste fly går ikkje før tysdag.

### Tre fluktmoglegheiter

No har eg tre moglegheiter for å komme meg til Murmansk.

1. 12 timar med buss frå Rovaniemi mandag morgon.
2. Fly på tysdag.
3. Min ven i Oslo utarbeida dette siste alternativet: Eg tar buss til Ivalo, går dei siste fem hundre metrane over grensa der ein bra kar ved namn Juri, om alt går etter planen, står med ein bil og ventar på meg. På dette tidspunktet hadde et fjerde alternativ dukka opp i mitt hovud:

4. Eg har fått nok av Finland, håplause pakkeleveringsbyrå og stygge, uattraktive finske menn. Eg vil attende til Tromsø! I vinterhalvåret går det bussar kvar morgon fra Tromsø til Rovaniemi. Av ei eller annan uforklarleg grunn går det ingen bussar andre vegen, desse går berre om sommaren. Dette betyr at den einaste vegen attende til klesskapen min er åtte timar med fly via Helsinki. Prisen på denne fennoscandisce rundturen treng eg ikkje å nemne, men eg kan rope at med omsyn til reisekassa fall valet på alternativ 3.

På grunn av ei rekkje med uheldige tilhøve som eit budfirma som ikkje kan geografi, overskot av menn i høve til kvinner i det nordlegaste finske fylket, og slunken reisekasse måtte eg i går investere i min fjerde ull stillongs. Moralen er: Verda er stor og uforutsigbar noko som kan gje dei raraste konsekvensar, som ein ekstra ullstillongs og eit tre netters uventa opphald på Tervashonka Youth Hostel i Rovaniemi.

### Fett nok og framifrå øl

For å ikkje svartmale alt for mykje kan eg nemne at for den som ikkje har ein spesiell dragning mot skjeggete gamle menn kledd i rødt, eller karnevalssamar med elleville fruktbarhetsriter (ja, eg opplevde det og) har Rovaniemi faktisk ein del bra å by på også. Mellom anna er det eit veldig bra musikkbibliotek her, spesielt for dei som er interessert i klassisk musikk på vinyl. Det er eit lokalt bryggeri, med egen pub kalla Rovaniemi Brewery Pub, som lagar eit aldeles framifrå øl. Eg har sett nokre pene jenter også, eller noko eg mistenkjer for a vere pene jenter under alle dei 40 skjerfa.

*Forfrosen helsing Onkel reisande Johannes*





Verda vert ikkje rundare. Me har berre med å tilpassa oss. Somme treng eit våpen. Mot makter ein ikkje går berrhuda i møte. Eit våpen mot seg sjølv. Eit våpen mot det kjende og det ein ikkje kjenner til. Eitt er sikkert: Ei hard verd krev skarpladd forsvar.

## Kva er ditt våpen?



### Born med horn?

- Eit våpen er eit svært våpen. Skyt bang. Du brukar det til å skyte elg. Men eg har ikkje noko våpen, men ein stor blyant. (Hans Kristian, 6år)
  - Eit våpen er kanskje ein båt, ein batmanbåt. Eg har ein batmanfigur. (Håkon, 5år)
  - Eg kan ikkje seie kva det er. Det er vanskeleg. Men det er i skogen. (Helene, 3år)
  - Det er ein hatt. (Andreas, 5år)
  - Ein har kule oppi, så skyt ein på fuglar. (Vilde, 5år)
- Born i Polarreven Barnchage

### Blant barn med trøbbel

- Våpnet er å vere ærleg mot andre og meg sjølv, seier Jørgen avdelingsleiar ved Berglund behandlingshjem. Det har store ringverknader dersom eg ikkje er ærleg. Respekt er viktig. Respekt for seg sjølv og respekt for andre. Ein skal møte andre med ope sinn. Utan fordommar. Å tru er fundamentalt. Gudstrua i Noreg er misforstått. Eg trur på naturkrefter. Ein treng å tru på noko som er større enn ein sjølv, avsluttar Jørgen.

### Bak kjøtdisken på Kræmer

- Når du seier våpen tenker eg på den store kjøtkniven. Den gjev meg makt over fisken. Og kundane. Eg står og leikar med den når kundane passerer. Akkurat no likar eg spaden. Det er snø og eg må måke. Alle naboane har snøfresar, men eg likar spaden. Den er klar og konkret. Den kan ein slå folk i hovudet med, seier Kjersti bak kjøtdisken på Kræmer.

Tekst: Inger N.Bråtveit, Marit Ljøsne, Ingvild Valberg, Kjetil Skjønberg og Eskild Andersen (tekst)

Foto: Marit Ljøsne, Trine Andreassen og Hadi Lile



**Men hva med hjertet da – Hva med kjærligheten?**

Finnes det egentlig noe bedre våpen? Både som forsvars- og angrepsvåpen fungerer kjærligheten perfekt. Noen ganger er livet helt fryktelig og siste rest av studielånet er brukt opp på en Lottokupong som bare ga to rette. Da kan en plutselig og uventet romanse redde liv. Men det kan også gå andre veien. Når kjæresten slår opp samme dag du har kjøpt giftering for å fri til din utkårede kan ting gå riktig gale. Du skal bli skutt av både kuler og krutt for å bli mer såret enn det. Likevel har kjærlighetssykehuset en fascinerende egenskap til å heale hjertesår.

Men det verste er muligens når psykologisk krigføring blir brukt i hjertets tegn. Å bli dumpet og tatt tilbake av samme person over en kort periode fører ofte til et nærmere studie av Aasgård sett fra innsiden. Hjernene takler det rett og slett ikke.

**Våpenverd i Videoverden**

–Blikket er mitt våpen. I ein enkel situasjon vil eg vera konkret, sikker, stiv og iskald. Eg vil stå på mitt. Våpna fungerer. Ingen orkar å prøva. I min butikk er det mange våpen. Kjønn er våpen. Dataspelet Tomb Raider vert kjøpt på grunn av den kvinnlege hovudpersonen Laura Croft. Ho er perfekt. 80 prosent av dei som kjøper spelet er menn. Eg trur det ligger bilder av ho på nettet der ho nesten er naken.

**Eg leitar. Inntil skinnet**


Eg har ikkje noko våpen. Eg veit ikkje kva våpen eg skal velja eller tru på. Ein treng eit våpen til all slags vær. Når eg til dømes snakkar med far min kunne eg trengja eit eller anna som fekk meg til å verka både snill og smart. Så kunne han sagt noko faderleg som han kjapt orsaka med eit spørsmål om eg ville ha kamferdrops. Så skulle me begge stått der å leita etter grepet, før eit klissete drops hadde avløyst det heile. Slik er det ikkje. Eg er våpenlaus inntil skinnet og veit det. Veit at eg alltid vil gå rundt på leit. Etter eit våpen. Eit våpen som kan redde meg frå alt saman.

**Med maling og lerret**

Angrep er det beste forsvar er det et gammelt ordtak som heter.

Dersom man ikke vil forsvare seg ved å slippe bomber over Hiroshima, er et godt alternativ å forsvare seg mot verden med kunst. Sjokkerende kunst. Merkelig nok er det ingen kunst som sjokkerer mer enn erotikk.

En rekke kunstnere har reist sine våpen og gått sammen om utstillingen "Eros Hage", som for tiden er å se på Bergen kunstmuseum. Gale bergensere har strømmet til for å se på erigerte penisser og store bryster. Illsinte leserbrev har strømmet inn til redaksjonen i Bergens Tidende og Bergensavisen. Kunstnerne har trolig oppnådd sine mål. Men hva for et våpen er vel egentlig kunsten? Hvordan kan et stykke maling på et lerret forsvare en person? Kanskje det ikke gjør det. At kunst er en måte å uttrykke sine følelser og meninger på trenger ikke nødvendigvis å stemme. Men kunst er likevel et våpen mot hverdagen for kunstnerne så lenge de skjuler seg bak den. Livsløgnen er det viktig å ta vare på.

**Våpen med fire bein**

Dyr er våpenet mitt.  
Jeg bærer hver dag med meg  
en dyreflokk for  
beskyttelse og trøst  
Skilpadden beskytter meg med sin klokskap  
Katten gir meg evnen til å være ydmyk og tillitsfull.  
Elefanten er så stor – den bærer hjertet mitt.  
Frosken gir meg gnist til nye dager.  
Løven gjør meg farlig og kua gjør meg trygg.  
Sjiraffen tilfører meg nysgjerrighet  
– hundén gjør meg nær.  
Humla irriterer meg  
– den gir meg temperament og sans for rettferdighet.

**Vokt dem for ilderren!**

Vi har vel alle sett de. Bikkjer som vi må passe oss for. Rottweilere, Dobbermann og politiets angrepshunder. Glefsende tenner og hvit fråde. Mennesker har disse dresserte dyra i bånd. Alle har de noe som de tror de må passe på. Plakaten "VOKT DEM FOR HUNDEN" er derimot blitt avleggs. "VOKT DEM FOR ILDEREN" er mottoet rike huseiere i dag heller bruker for å skremme vekk tyver og fanter. Jeg skjønner ikke at politiet fortsatt bruker disse kjedelige hundene.





## MOBILVETT- REGLANE

**I byrjinga var Ordet. Ordet var hjá Gud, og ordet var Gud. I dag er Ordet alle stadar – takka vera mobiltelefonen.**

1. Legg ikkje ut på lengre telefonsamtalar utan dekning!  
Du må jo for all del ikkje gå glipp av viktige samtalar!
2. Meld i frå kor du går!  
Dessutan kven du skal dit saman med, kvifor du vil dit, kva som er meininga med livet ditt, kva du syns om trynet til personane som sit rundt deg og fargen på undertøyet ditt.
3. Vis respekt for andre sine øyre!  
Pass på å snakka høgt og tydeleg slik at alle får med seg alle detaljane frå livet ditt. Anten dei vil eller ikkje.
4. Lytt til røynde filosofar!  
Mobiltelefonen går lett i knas om ein trampar på han fleire gongar.
5. Ver budd!  
Mobiltelefonen kan ringja når du minst ventar det. Meldingar kjem som julenissen på kjerringa. På førelesing, på do, på lesesalen.
6. Hugs kort og ladar!  
I denne verda der alt er mogleg; hallostemmen som vanlegvis seier ... "11 sekund igjen til kortet ditt er brukt opp" kan neste gong seia ... "og du har 11 sekund igjen før mobilen tillintetgjør seg selv".
